



Desember i Lom 2021

Handelshelg 3.-5. desember

”Trods sin slitsomme kamp for tilværelsen bevarte den nøisomme fjeldbonde en alltid ungdomsfrisk trang til at sprede skjønnhet”

☺ Så langt tilbake i tid vi kan følge menneskenes spor i dette land, har deres skjønnhetstrang og fantasi gitt sig kunstnerisk form. De har prydet våre redskaper og sine våpen, sine smykker og sitt husgeråd, og ofte nok har denne trang til skjønnhet ikke bare hatt sitt mål i sig selv, men vært et bånd mellom dem og makten, et mysterium som de følte knyttet dem uløselig sammen med det ukjente og ugripelige, som de forstod var den egentlige reelle virkelighet.

Slik ordla kunsthistorikar Anders Ragnar Bugge [1889 – 1955] seg i boka Introduksjon til Norges kunst frå 1930. Bugge var konservator ved Kunstindustrimuseet og sidan antikvar i Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring og Riksantikvaren. Bugge vart professor i kunsthistorie ved Universitetet i Oslo i 1935.

”Kulturveien Gudbrandsdalen”

Bugge omtalar Gudbrandsdalen som ”kulturveien – selve pulsåren i landets indre. Fordi farende folk kom og gikk, kunde ikke gudbrandsdølen undgå tankene som rørte sig i tiden. Særlig i de nordre bygder drog de også stadig over fjellet til Sogn, til Nordfjord og til Romsdal. Alt dette holdt dalens folk våkne, gjorde dem oppmerksomme og tilegnelsdyktige. Derfor kom de også til å erhverve sig adskillig av det sinnets overskudd som hos virkelystne mennesker blir til kunst. ... Den uendelige tilførsel av nye inntrykk og korngårdbondens selvfølgelige konservatisme er saktens de to sterkeste faktorer i Gudbrandsdalens kunst.”

Ivar Kleiven

Også Ivar Kleiven er inne på dette i Lom og Skjåk, gamal bondekultur i Gudbrandsdalen, som vart publisert nokon lunde samtidig med Johan Meyer sine verk – fyrste gongen i 1915. Kleiven skriv: ’Nor’bygden i Gullbrandsdale har

fraa høgt upp i t’om vore med di fremste i handverk og kunst ogpaa mange lei’enn vore frama’for for alle hine, baade paa kar-si’a og kvinnfolk-si’a. De finnst vel snaudt nokk den bygde i heile lande som har aat saa mange dugelege bygda-konstnaarar Kleiven trekker fram smiarbeid og bilet-vev som det som fyrst og fremt har sett merke etter seg. De er no desse tvo geinenn som er lettast aa fylgje i eldre t’ie, men elles har nok baade husbyggjning og snikring fylgt jamnt med, um døm kannhende fyrst lenger fram i t’om vannst aa staa paa høgd med smi’ og vevna’. Taa somt er det likt te, at de ikje er for ein go baalk ut i 1700-tale, at byggjingskunst og snikkerarbeid med treskurd naar fram te eit høgare maal.

Billedkunst i veven

Når det gjeld billedkunst er det ikkje nemnt noko korkje av Meyer eller Kleiven utanom vevnaden og Kleiven påstår sågar at det etter 1760 knapt har vorte gjort vearbeid i bygdene våre. For det meste va de budeionn som vov denne vevna’n paa sætrom um somaar’n og de

kann godt vera mogeleg, at budeistelle, med brigda se dette bele, saa de ikje lenger vart ti’ aa avsjaa aat vevna’.

Kleiven tok vel kanskje litt hardt i her. Det var dei kjende Jofruteppa som Rasmuss Jonsson og Ingrid Gunnarsdatter på Glømsdal fekk vevd til dei tre døtrene sine Torø, Rønnaug og Anna Ivar Teigen tenkte på når han tidsette avslutninga på billedveven. Det eine av desse er datert nettopp 1760.

Johan Meyer med registreringsarbeid

Johan Meyer [1860–1940], som var arkitekt og professor ved NTH i Trondheim, reiste i mange år rundt omkring i landet og registrerte gamal bygdakunst og i bokverket FORTIDS KUNST I NORGES BYGDER som fyrste del av kom ut i 1909, blir Lom og Skjåk karakterisert som Norges mest avsondrede bygder opunder Jotunheimens, Dovres, Filefjelds og Telemarks fjeldmasser Der er sporene av landets gamle kultur lettest at finde. Der danner overleveringen paa kunstens og haandverkets omraade en ubrutt kjede fra den tidlige middelalder og helt fram til vore dage.



Torø-teppet i Glømsdalsstugu i Presthaugen. Foto: Kjersti Frackmann Strass, Lom bygdemuseum, Gudbrandsdalsmusea.



”Interiør fra stue, Glimsdal, Lom, Oppland. Kvinne og pike i stuen.”, fotografert i 1909 og ”Interiør fra stue, Glimsdal, Lom, Oppland. Mann og gutter i stuen.” fotografert 1904. Dei to vaksne er er truleg Anne Bertilsdotter Glimsdal, f. Aukrust [1857-1921] og Ola Johannesson Glimsdal [1954-1910]. Dersom det stemmer at bildet av dei to kvinnene var teke i 1909, er det mest sansynleg Tea f. 1898 som er avbilda saman med mor si. Dei to gutane kan vere tvillingane Bertil og Johannes f. 1890. Frå digitalmuseet.no

Mange lokale registreringar

Glimsdal, Graffer, Nordre Lyngve, Frisvoll, Galde, Nordgard Garmo, Sygard Garmo, Aukrust, Sulheim, Røysheim, Marstein, Enersvold, Gaupar, Staurust, Andvord og sjølv sagt kyrkjene våre var av dei stadene som vart vitja av Johan Meyer i Lom frå 1904 og utover. Her kombinerte han bruken av fotografiapparatet med strekteikningar og flotte akvareller. På digitalmuseum.no ligg det inne meir enn 70 døme på dette.

I de trange fjelddale, hvor forbindelse med utenverden vanskeligjordes ved milelange høifjeldsvidder eller endeløse skoge, blev folket henvist til sin egen evne. At frembringelser derved fik sit stedegne præg, er rimelig nok. .. trods sin slitsomme kamp for tilværelsen bevarte den nøisomme fjeldbonde en altid ungdomsfrisk trang til at sprede skjønhed over hjem og kirke. Gjennem skjønhetskravet utviklet han evnen til at forme alt, hva tiden efterhaanden krævede til vaaningens utstyr og gaardens drift, ikke blot hændig og solid, men ogsaa med harmonisk samvirkende former. Og hertil benyttede han de nærmest for haanden liggende materialer og sit enkle.

Selv paa smaa bruk blev gjerne et litet overkud. Med det lille overskud følger livsglæde, vennesælhet og skjønhed. Men ogsaa naturen selv har virket med.

Den som snart ensom stræver frem mot slutd og storm gjennom klippemassernes ørken og nart lægger veien i de grønne lier, mens vaarsolen lyser over fjeld og fonn og storflommens brusen klinger i kor med fuglesang og bjeldekland, han maa i særlig grad paavirkes av naturkræfternes vælde, saa at følelseslivet utdypes. Dermed fækkes og fornyes den kunstneriske evne fra legtleid til slegtled ...

Loms kirke samler paa en fængslende maate i store træk billedet av bygdekunstens utvikling gjennom skiftende tider. I over 700 aar har dens ædle reising vist ut over dalens grænser ... Den vidner selv om, at det vestenfjeldske og det østenfjeldske her veksler haandslag.

Frå 1925 og fram til Meyer gjekk bort i 1940 samarbeida han med Erling Gjones [1898-1990] om innsamling og bearbeiding av materiale til dei i alt 17 bøkene serien FORTIDS KUNST I NORGES BYGDER til slutt omfatta. Han var også arkitekt og professor ved NTH.

Kjelder: Introduksjon til Norges kunst – Gyldendal Norsk Forlag, Ivar Kleiven – Lom og Skjaak, Johan Meyer – Fortids kunst i Norges bygder, digitalmuseet.no



Akvarell måla av Johan Meyer i 1904 av ”klinkeskilt på Glimsdal i Lom, Oppland. Av O.R.S. Aukrust, år 1761.” På akvarallen har Meyer skrive: ”Dørbeslag av ... og ... Smedejern M. 1/3 smedet for R.J.S. Glimsdal og O.R.S. Aukrust Aar 1791. Dette aarstal angiver form, da ... staaende Bygningers Alder. Gaarden hørte indtil 1789 [Ofsesommeren] til dalens bedste men ...skade ved de store Skred og Flommen, som da herjede hele nordre Gudbr. dalen...”

Adolph Tidemand på studiereise gjennom Ottadalen i juli 1843



Sjølvpportrett av Adolph Tidemand nokre få år før han reiste gjennom Ottadalen. Olje på lerret på trefiberplate. Eigar: Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, Billedkunstsamlingene.

Adolph Tidemand (1814 – 1876) var den fremst folkelivsmalaren på 1800-talet og gjorde det til ei livsoppgåve å framstille livet og sedvanane ute på landsbygda. Tidemand gjennomførte fleire studiereiser her til lands på 1840-talet. Ei av desse gjekk gjennom Ottadalen sommaren 1843. Denne reisa kan rekonstruerast ved hjelp av skisselivsbøkene der han hadde daterte teikningane og illustrasjonane.



Skisselivsbok II med illustrasjonar frå 1843 og 1844, mellom anna frå reisa gjennom Ottadalen juli 1843. Nasjonalmuseet.



Den 21. juli 1843 teikna Tidemand Blakarstolen, som nå er på Historisk Museum i Oslo. Stolen er frå 1200-talet – muligens enda eldre. På 1300-talet var det ei slekt Munch (Munk) i Gudbrandsdalen. Slekta var storbønder og embetsmenn busett rundt i heile Gudbrandsdalen, Valdres, Hallingdal og Telemark. I mange slektsledd sat medlemmer av familien Munch som eigarar av «storgarden» Blakar i Lom og slekta er derfor definert som "Blakar Munchene", til forskjell frå den familien Munch som var prester i Vågå frå 1750-åra, som Edvard Munch slektar frå. Korleis stolen kom til Blakar opprinneleg er det ikkje kjelder på.

Det er vanskeleg å tyde notatane Tidemand gjorde på toppen av akvarellen. Blyant, akvarell på papir. Nasjonalmuseet.

Tidemand møtte Hans Gude

Sommaren 1843 reiser Tidemand fyrst gjennom Østerdalen, så over fjellet til Gudbrandsdalen og vidare til Sogn, Voss og Hardanger, der han møtte den atten år eldre Hans Gude. Dei to slo fylgje og vart godt kjende og saman mala dei seinare mellom anna Brudeferd i Hardanger [1848] og Haugianerne [1852]. Juleskik måla Tidemand tre år etter at han var i Lom.

På denne turen skulle Tidemand eigentleg samle materiale til historiemaleri med motiv frå sagaen om Olav den heilage. Men, han fatta fort interesse for norske bønderes skikkar og tradisjonar og satsa fullt og heilt på folkelivsskildring.

Til Gudbrandsdalen og Ottadalen

Adolph Tidemand reiste oppover Ottadalen og den 21. juli illustrerte han Blakarstolen, den 22. juli var han komen til Garmo og teikna Garmoskyrkja og den 23. juli portretterte han Ole Andersen Stamstad i folkedrakt. Så gjekk ferda vidare oppover Bøverdalen, over Sognefjellet til Sogn og Munthe-familien sin gard på Ytre Kroken i Luster. Der «stempla han inn» sikkert med fleire følgesvenner den 29. juli. Håndbøkene med skisser og akvareller frå reisene er lagra i Nasjonalmuseet.

Kjelder:

Norsk biografisk leksikon, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, Billedkunstsamlingene, Familien Munch i Gudbrandsdalen før år 1870 av Johan Storm Munch, Jutulen 2020, Vågå Historielag.



Den 23. juli 1843 vitja Adolph Tidemand Søre Sygard Stamstad der han portretterte Ole Andersen Stamstad i bunad. Sjølv bunaden er ei drakttyp for Gudbrandsdalen som var brukt i tida mellom 1760 og 1850. Ole – eller Ola, var fødd i 1774 i Nordstugu Lyngve og gift med Rønnaug Pålsdotter Skånsar. Ole levde i 12 år etter at han vart portrettert av Tidemand. Blyant, akvarell på papir. Nasjonalmuseet.



22. juli 1843 vitja Tidemand Garmo og teikna skisse av kyrkja, som vart bygt opp att på Maihaugen i 1921. Nasjonalmuseet.



Frå Bøverdalen, den 23. juli 1843. Blyant og lavering på papir. Nasjonalmuseet.



Frå Bøverdalen 25. juli 1843. Blyant på papir. Nasjonalmuseet.



Frå Bøvertun, der Tidemand var den 26. juli. Blyant og lavering på papir. Nasjonalmuseet.



«Lomerdalens Slutning» noterte Adolph Tidemand på denne blyant, lavering og akvarellen av Store Smørstabbtinden den 26. juli 1843. Den siste dokumentasjonen før han reiste over til Luster. Nasjonalmuseet.



Utsnitt av «Juleskik», som Adolph Tidemand frå 1845, berre to år etter at han reiste gjennom Lom og Bøverdalen. Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, Billedkunstsamlingene [Creative Commons - Attribution CC-BY].

Mange billedkunstnarar lot seg fascinere av Ottadalen og fjellheimen

Svært mange billedkunstnarar lot seg fascinere og inspirere av landskap og skiftande årstider og har tilbrakt mange og lange opphald i og rundt Ottadalen. Kunstnarane fann saman og utvikla kunsten i hop. Siste halvdel av 1800-talet var ei glanstid for billedkunstnarar og svært mang av desse kom til nordre del av Gudbrandsdalen. På 1930-talet var både Lom og Vågå ynda møtestadar.

Tore Refsum [1894 – 1981] skriv i boka Gudbrandsdalen og malerne, som kom ut i 1948, at Gudbrandsdalen er den typiske østlandsdal, dalen i midten. Her er bredde, tyngde og ro, men samtidig en storlaten bevegelse i formene som innover mot fjellheimen i vest utløser seg i et mektig, dynamisk spill. Refsum var sjølv ein elev av Kunstakademiet og fløtte til Gudbrandsdalen da krigen braut ut og måla seinare kvar sommar i Vågå i meir enn tretti år.

Når Refsum i boka si kjem til Lom og Bøverdalen skriv han: Lomseggen ligger dominerende midt i landskapet, med Skjåk og Bøverdalen på hver sin side. Som en likebenet trekant hever eggen seg opp fra Skimvatnet. Og på en flat mæle loddrett under spissen av trekanten har den tjærebrune stavkirken fått den mest utspekulerte og krevende plass. Men den hevder seg! – Det er likevekt mellom det vesle kunstferdige kirkehuset og den gigantiske naturformen. Lomseggen markerer det typiske Østlands slutt: hit, men ikke lenger. Den fantastiske Bøverdalen borer seg inn i Jotunheimens massiver. Det er fremdeles Gudbrandsdalen, men ren kontrast til de mer lavlente strøk.

Asbjørnsen og Moe

Peter Christen Asbjørnsen [1812–1885] og Jørgen Moe [1813–1882] bestemte seg i 1837 for å gje ut samlinga si med eventyr. Dei to reiste rundt og samla

historiar med blyant og notatblokk og dei fyrste samlingane med Norske folkeeventyr vart utgjeve i 1841. Jørgen Moe ofra seg da for prestegjeringa og vart seinare biskop. Asbjørnsen heldt fram med innsamlinga. Eventyra kom fyrst ut i små hefte. I 1870 kom samlingane vi kjenner til idag for fyrste gong.

Eventyrteiknarane

Sommaren 1876 reiste ein ung Erik Werenskiold [1855–1938] opp gjennom Gudbrandsdalen. Han hadde fått i oppdrag å illustrere nokre av folkeeventyra til Asbjørnsen og Moe og havna på Sve i Vågå, der han bestemte seg for å ha base. Bak dette primitive liv, bak disse kraftige, sterkt utpregede mennesketypar og denne eiendommelige bygningsstil ante man middelalderen; bak de store skogene inn mot Randsverk lå Stuttgängen, Gjende og heile Jotunheimens trollverden, skreiv Werenskiold. Han starta umiddelbart å sende teikningar attende til Asbjørnsen. Seinare rekkerte Asbjørnsen mange kunstnarar til å illustrere eventyra.

Thodor Kittelsen [1857–1914], Adolph Tiedemand [1814–1876], Hans Gude [1825–1903] er nokre av dei, men enda var det att mykje å illustrere og Gylden-dal Norske Forlag engasjerte fire yngre kunstnarar som fekk i oppdrag å illustrere det som stod att.

Krogh, Rolfsen, Sørensen og Dagfinn Werenskiold.

Desse fire var Per Krogh [1889–1965], Alf Rolfsen [1895–1979], Henrik Sørensen [1882–1962] og Dagfinn Werenskiold [1855–1938]. Sistnemnde var son til Erik Werenskiold. Alle desse fire brukte mykje tid i Ottadalen og henta mykje inspirasjon frå Lom og området rundt og har etterlate seg ein omfattande kulturhistorisk dokumentasjon.

«Et yndet sted for penselssvingere»

Kjell Aukrust [1920–2002] var sjølv ein habil kunstmalar. Aukrustsenteret har ei eiga utstilling med maleri av Kjell med tittelen Den unge Kjell Aukrust. Dei fleste av verka er frå krigsåra.



Illustrasjon til forteljinga om Håken Borkenskjegg av Alf Rolfsen. Penn, blyant og kull på papir, 1934. Rolfsen henta fleire av illustrasjonane sine til eventyra frå Lom, som her frå Skjæsar, og var nok også på Glimsdal for å teikne. © Rolfsen, Alf/BONO

Kjell vart godt kjent med alle dei fire ungdomane som var engasjert av Asbjørnsen til å illustrere. Han har skildra kunstnarmiljøet i Bøverdalen. Under krigen var Bøverdalen et yndet sted for turister og penselsvingere. Hit kom de i store skarer. Det fantes knapt ei gammal utøe eller steinrøys, hvor ikke en kunstmaler rigga seg opp. Her ble malt på Krøkje, rundt Røisheim, langs Bøvra, oppe ved Tande og under



Illustrasjon til «Lurvehette» av Dagfin Werenskiold, frå 1936. Både Werenskiold og Sørensen vitja mange gardar i nedre del av Bøverdalen og var baa på Kvåle der Werenskiold teikna mor og dotter. Modellar var Jofrid Slettom og mora Anne Slettom f. Kvåle. Jofrid var seks år i 1936. © Werenskiold, Dagfin/BONO.

Lomsegga. Bredbremma kunstnerhatter, alpeluer, flagrende hår og skjegg hvor du snudde deg. Turister og bønder møtte opp. Malerierne gikk unna i bytte mot tobakk, brennevin, geitoster og nylagte egg fra frittgående høner..... Kjell mala også på mange av desse stadene sjølv. På Krøkje slo han opp staffeliet der Henrik Sørensen hadde stått og måla. Jeg ville prøve meg på samme motivet som hang i Nasjonalgalleriet, skreiv Kjell.



Krøkje i Lom av Henrik Sørensen, 1933. Krøkje i Lom står påskreve teikninga med penn. Olje på lerret. © Sørensen, Henrik/BONO



Kjell Aukrust mala også Skjæsar (i 1943). Olje på plate.



Frå Bøverdalen av Henrik Sørensen, 1933. Er nok frå solsida på nedsida av Flåklypa dette også. Olje på lerret. © Sørensen, Henrik/BONO



Karl Høgberg (1901–1981) var også på Kvåle i nedre Bøverdalen for å hente motiv. I 1932 mala han dette motivet frå småbruket. I privat eige.



Vaagaasar, 1932 av Karl Høgberg. Påtegna på baksida av kunstnar: «Herbst in Vågå». Jorunn Kvale har gjeve auksjonhuset «Grev Wedels plass» informasjon om maleriet der ho mellom anna skriv at det i dag ikkje er att noko av det gamle. Husa på Vaagaasar er borte. Der dei låg er det nå jorder. I privat eige.



Illustrasjon til «En Frierhistorie», Asbjørnsen og Moe 1936, illustrert av Henrik Sørensen, august 1932. Kvåle i Lom står påskreve teikninga med penn. © Sørensen, Henrik/BONO

Omfattande kunstmiljø under krigen

Det er nemnt av fleire eit stort kunstnar-miljø i Lom under andre verdenskrig. Dei aller fleste hadde tilknytning til Statens Håndverks- og Kunstindustri-skole, som var oppretta så tidleg som i 1818 og Statens kunstakademi, oppretta i 1909. Under andre verdenskrig vart denne skulen overteken av okkupantane og kunstnarane starta det illegale kunstakademi.

Jørleif Uthaug

Mellom andre var Jørleif Uthaug (1911 – 1990). Uthaug var opprinneleg frå Ørland og rømde saman med mange

andre kunstnarar til Lom. Han arbeidde mellom anna som dreng på Garmo gard og hadde mykje omgang med unge kunstnarar som Kjell Aukrust og Øivind Sørensen på fritida. Ein Sparre – som nok var Victor Sparre (1919 – 2008) og fleire andre var samla i Lom delar av krigen.

Fleire lokale kunstnarar

Det var også fleire lokale kunstnarar med i dette miljøet i Lom under krigen. Ein av desse var Arne Heggglund (1915 – 2009). Egil Nordal refererer til dette miljøet i Heim og bygd 2001, der han

fortel at Uthaug og Sparre mellom anna måla sceneteppet og veggen ved sida av scena i Steinfjoseet under krigen.

Egil skriv i Heim og bygd 2001: Det var målarar i Lom kvar sommar under krigen. Det som truleg drog kunstnarane hit var naturen og kulturen. Lomseggje var det mest måla fjellet i Noreg på di t'i'n, vart det sagt. Like eins var stavkyrkja eit ynda motiv. Dei to scenemålarane vart under oppsikt av Gestapo og da dei kom åt Nordal, var båe dei to og Arne Heggglund fordufta. Da freden kom, kom også målarane att til Lom, fortalte Egil. Da kom ei tropp engelske soldatar au, med to anker cognac. Lokalbefolkninga vart inviterde au, og det vart storkalas. Sceneteppet kom for ein dag att når Steinfjoseet vart restaurert rundt 2000. Det hadde da vore gøymt oppunder taket på Steinfjoseet frå tidleg på 1950-talet, da det vart samanrulla og gøymt og nytt teppe hadde kome på plass.

Kjell Aukrust med anekdote

Kjell Aukrust skreiv denne anekdota i 1997 til Jørleif Uthaug (utdrag): Under krigen var det en hel gjeng malere som holdt til oppe i Gudbrandsdalen. Det var nemlig et av de få stedene hvor man ikke trengte grensebevis, og mange samlet seg der, og tok arbeid som gardsgutter for å slippe unna arbeidstjenesten for tyskerne. Henrik Sørensen bodde i Bøverdalen, og jeg på hytta overfor Aukrustgarden, men i Lom huserte Jørleif Uthaug sammen med andre tegnere og malere. Han hadde stukket av fra Trondhjem etter no' bråk med noen tyskere og fikk jobb som gardsgutt hos doktor Garmo på Fossheim hotell.

Det var mange fine dager og kvelder i Lom. Vi gikk med staffeliene våre og malte om dagen, og hadde ofte fester om kveldene. En gang satt vi der i kveldinga, og sammen med flaskene var det jo malersaker og staffelie og greier. Vi satt der og spiste, og hadde små knerter til maten.



Jørleif Uthaug og Victor Sparre måla sceneteppet og dekorasjonane på veggen i Steinfjoseet under krigen. Sceneteppet prydar nå inngangspartiet på Lom helseheim.

Stillheita nedlagt som ein grunntone

Arne Heggglund var nemnt som ein av fleire aktive lokale kunstnarar i Lom under krigen. Arne Heggglund hadde tilhald på Jotunheimen Fjellstugu når han og kona Mally var i Lom.

Arne Vetllín Lillelien var nær nabo, og skriv på Svunnen tid i Lom på Facebook at Heggglund måla både figurativt og non-figurativt. Ein vår dei vaska på Fjellstugun og skulle hengja opp att maleria, så er det hermt etter fjellstugudrivar Mally at – dessa målerie dær, det går da kje an å sjå kæ sãm æ upp å ne på døm! – Men Mally likte svært godt landskapsmaleria til mannen.



Arne Heggglund fotografert i kunstforeningen sine lokaler i Trondheim i 1953. Schrøder/Sverresborg Trøndelag Folkemuseum.

Arne Vetllín skriv vidare at Heggglund var ein framifrå kunstnar og likedan som menneske. Og svært kunnskapsrik. Han var mykje heime i Vetllín, og Arne Vetllín var heime hjå Mally og Arne på Majorstuen om vinteren. Dei var trivelege og gjestfrie folk! Arne Heggglund hadde eit muntert og fint språk, ispedd litt trøndersk. Om kunstspråket til Arne Heggglund skriv Arne Vetllín: Det kan sjåast som eit uttrykk for Arne Heggglunds styrke at han ikkje låste seg til ein uttrykksform, men tillot seg å eksperimentere mellom eit figurativt og non-figurativt språk.



Motiv frå Sognefjellet og Smørstabbtinden av Arne Heggglund som heng i spisesalen på Fossberg i Lom.

Uavhengig av formen låg likevel naturen alltid som ein bunnsville av inspirasjon for Heggglund. Det er truleg at det var hans personlege og intime relasjon til naturen som bidrog til den tryggleiken han følte, og som er ein føresetnad for å ikkje låse seg fast til ein og same uttrykksform. Sjølv om formene kunne variere, var det likevel eit gjennomgåande trekk i hans arbeid – stillheit.

Særlig tydeleg kjem dette til utrykk i høgfjellsbilda. Blant tinder og fjellrekkjer, isbrear og fjellvatn finner ein nettopp stillheita nedlagt som ein grunntone.

Arne Heggglund skreiv eit dikt til Egil Nordal i 1990 som beskriv kunstnarmiljøet i Lom i krigsåra:

Minner fra 1944

Husker du tiden i Skjåk og Lom og dansen på Nordal sin låve - - piker ødslet med smil når vi kom - - ingen tid å sove - -

Og månelys over Fossheim Hotell kvell etter kvell etter kvell etter kvell og Gaukstadstugu med nattelig

og så episoder med Fixativ - - Og Bøverkinnhalsen med tamreinlag - ståk - - Gjetere både fra Lom og Skjåk fekte for bråk - -

Og Bøverkinnseter og Ytterdale med vakre budeier som vi ville male Og Ålesundtur og Noreg Hotell - - Gestapo skygget oss morgen og kvell - - så gjennom byen med skyter mot rygg - en inn til forhør hos selveste Styggen

Vanskelig sak revolver bak mye å frykte - - men vi så vårt snitt til å flykte

tilbake til Torgeir og Fossheim hotell trykt mellom store, mørke fjell med stjernehimme hvelvende over de gamle og kjendte tømmerstover

Men ingen tid til å sove - - Det var dans på Nordal sin låve.

Kjelder: Tore Refsum: Gudbrandsdalen og malerne, uthaug.net, Heim og bygde 2001, Kveldsseto 2014, Asbjørnsen og Moe: Samlede eventyr - Den Norske bokklubben, Gunn Hvamstad: Den unge kunstnaren Kjell Aukrust - Årbok for Nord-Østerdal 2021, Arne Vetllín Lillelien.

Med Røisheim som base

Mange har hatt Røisheim som base for kunstmalinga si. Gerhard Munthe (1849 – 1929) budde på Røisheim i over 20 somrar frå 1904 og utover.

Munthe var sett på som «Østlandes maler», og det finst ei rekkje maleri med motiv mellom anna frå Bøverdalen. Det var på sine eldre dagar at Munthe fanst att på Røisheim og det er sagt at dei yngre kunstnarane ikkje hadde mot til å vise seg på Munthe sine einemerker. I eit brev som er skrivi etter ein liten vitsett over på baksida hjå Ola Røisheim, som hadde godt – heimebryggja øl og mangt å fortelja frå gamle dagar, skriv Munthe: Over en liden Kam med smaa Fjeldfuru, Bær og Røslung og forbi smaa gamle Hytter, alle Blomster saa korte, anderleds og hidsige i Farven, over den gammeldage Bro og Visdøla og saa sætte seg ned og se Alting – fra Sneskavlerne og Bækkene, Sæterstuerne og Sommerstølerne til alle de graa Gaarde og de røde Liv og blakke Hester, er det muligt at føle Fred saa er det å komme riktig ordentlig væk fra alle Forbedringer, hele Fremskridtet og alt Hastverket....

Munthe har måla Glimsdal, rett nedanfor Røisheim fleire gonger. Det same har Alf Rolfsen (1895 – 1979) gjort til sine eventyrteikningar. Tidlegare hadde kunstnarar som Hans Gude (1825 – 1903) og Frits Thaulow (1847 – 1906) henta inspirasjon på og frå Røisheim i tillegg til ei rekkje andre kunstnarar som Edvard Grieg, Henrik Ibsen, Asmund Olavsson Vinje og Arne Garborg.

Dronning Sonja på Røisheim

Dronning Sonja fulgte sommaren 2021 opp dei rike kunsttradisjonane på Røisheim med ei eiga utstilling av grafikk og keramiske arbeid på tunet og i staburet. Vertane på Røisheim, Lise Rolland og Kjetil Magnussen, fortel til GD at det på Røisheim er samla kunstverk frå kunstnarar som gjennom historia har vorte inspirert av den flotte naturen og den heilt spesielle stemninga på Røisheim. I spisesalen og andre opphaldsrom er det mellom anna utstilt nokre av Gerhard Munthe sine bilder måla på Røisheim.



Dronning Sonja si utstilling på Røisheim sommaren 2021 omfatta både grafikk og keramisk arbeid. Vertsskapet på Røisheim fortel til Fjuken at dei ynskjer å tilby sine gjester eit breitt kulturtilbod og utstillinga til Dronninga var ein del av dette tilbodet. Det eine stabburet på Røisheim var restaurert i 2016 og fungerer nå som galleri. Foto: Røisheim/Ove Nestvold.

Brit Jordet møtte Gerhard Munthe

Brit Jordet (1882 – 1966) var eit av tre sysken som var svært dyktige med sine håndverk. Brit teikna for det meste sine mønster sjølv, frå folkedikting, segn og søge og kjende personleg målarer



Gerhard Munthe ved Røisheim i 1905. Nasjonalbiblioteket / National Library of Norw.



«Fra Røysheim» «Gerhard Munthe, Bøverdalen 1908». Utstilt Kristiania Kunstforening 1909. Pressefoto frå GREV WEDELS PLASS AUKSJONER. Tilslag NOK 80000 i 2008.

Gerhard Munthe, som budde mykje på Røisheim. Brit var utdanna lærar, men lærde seg teknikkane i biletveving gjennom arbeidet med vøling av klær. Ho karda, spann og farga garnet sjølv og var svært oppteken av nyansar. I eitt av teppa skal det vere meir enn tretti ulike grønfargar. Brit brukte fleire av motiva som Munthe har illustrert til Snorres kongesagaer til sine vevnader.

Kjelder: nasjonalmuseet.no, Norsk biografisk leksikon, Lom heimbygdslag: Heim og bygd, 2020, Grev Wedels Plass Auksjoner



Odin og ramnane, vevnad av Brit Jordet. Foto: Jorunn Kvale.



Odin, Illustrasjon til Snorres kongesagaer av Gerhard Munthe, 1899. Free use [Creative Commons - Attribution CC-BY]



2 d per dag

Gösta af Geijerstam

Gösta af Geijerstam (1888–1954) var fødd i Stockholm, men busett i Dale. Han var både kunstmålar og forfattar og ein av dei som kom mykje til vår del av landet for å utøve sine kunstformer.

Geijerstam hadde nær tilknytning til Sigrid Undset og Bjerkebæk der han tilbrakte mykje tid. Som mange av andre kunstnarar, oppsøkte Geijerstam fjellheimen og tilbrakte mykje tid i Randsverk, Gjendetraktene og Veodalen.



Mange vinterskildringar

Geijerstam er litt ulik mange av sine samtidskunstnarar da han i stor grad skildrar fjell og jakt vinterstid, gjerne under litt tøffe vertilhøve. I Fjellminner i boka Friluftsliv frå 1938 har Geijerstam ein eigen arikkel som han sjølv har illustrert med strekteikningar både frå Jotunheimen og Dovrefjell. Dotter til Geijerstam, Sunniva Hagenlund, har gjeve ut ei eiga bok om vennskapet mellom far sin og Sigrid Undset, Portrett av et vennskap frå 1994.

Gift med syster til Peter Lorenz Smith

Geijerstam var gift med sangerinne Astri Smith, som var syster til Peter Lorenz de Ferry Smith – sokneprest i Lom frå 1922 og prost i Nord-Gudbrandsdal prosti frå 1925. Geijerstam var nok ein hyppig gjest på prestegarden i Lom denne tida på reisene sine mellom Dale og Bjerkebekk. Geijerstam kjende godt til Wentzel-familien i Lom.

Ormgutten, Roald og jeg

I boka Ormgutten, Roald og jeg frå 1922 skriv og illustrerer han «mine fjellminder» der han «blader fram og tilbake i en gammel skissebok og lar tankene gaa». Stadnanma i denne boka virkar i stor grad fiktive, men det er tydeleg at mykje av skissene han studerte er henta frå turar gjort i fjellheimen – alt vinterstid.

Midt i alt dette bodde vi en vinter – Ormgutten, Roald og jeg – i en gammel nedsnedd sæter hvor fonnene gik over

taket og døren var hugget fri for sne med øks og snespade. Det var vi tre og min svarte, biske lapphund. ... Julen kom og gik sin gang, som andre dager igrunnen. Her i høifjeldet har man jo intet av det som gir julen sin glorie. For julen – det er alt barndommens fest og lykkeminder. Nei, det eneste var at vi nu stængte alle snarene vore efter gammel vakker dalskikk, og at bøssene hang urørte paa væggen, for i julen skal alt levende ha fred, det er gammel lov, som forresten nu begynder at sovne ind, som alt gammelt og vakkert på jord.

Kjelder: allkunne.no, Geijerstam: Ormgutten, Roald og jeg, Geijerstam: Fjellminner frå Friluftsliv – Blix forlag, Synniva Hagenlund: Portrett av et vennskap, Ellef Ringnes: Sandfærdige jaktminder.
© Gösta af Geijerstam/ BONO 2021

